



Notat

Dato: 18.02.2016
Arkivsak: 2016/2011-2
Saksbehandlar: ireolse

| | |
|-------------|-------------------|
| Til: | Vidar Kloster |
| Frå: | Eigedomsavdelinga |

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01074 - Sørås tannklinikk

Rekneskap: 14 949 330,97 Budsjett: 14 350 000,-

Fuv 252/09 Løyving kr 650 000,-

Utdrag frå saka:

«I framlegget til budsjettet for 2010 , økonomiplan 2010-1023 er det lagt opp til ei samleløyving også neste år. I framlegget til årsbudsjett som ligg føre er det lagt til grunn at ein stor del av desse midla skal øyremerkast ny tannklinikk på Osterøy.

Det er og behov for ei utviding eventuelt en ny tannklinikk på Sørås, i nærleiken av nye Nordahl Grieg vgs. Planarbeidet knytt til dette er så vidt starta opp. Det er behov for midlar for å vidareføre arbeidet.

Ein rår til at dei resterande midlane i samleløyvinga for 2009, 0,65 million kroner, vert løyvd til prosjektet.»

Fuv 22/12 Løyving kr 9 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Fylkesutvalget gav i sak 252/2009 ei startløyving til planlegging av utviding av fylkeskommunen sin tannklinikk på Sørås, like ved Nordahl Grieg vgs.

Prosjektet er kome så langt at ein no er klar for å hente inn anbod på konsulenttenester, og ein voner å ha anbodspapir for sjølve påbygget klart før summaren. Målet er å få starta opp byggearbeida i løpet av summaren slik at tilbygget kan være klart om lag til nyttår.

Basert på kalkyle og erfaringsdata forventar ein at samla kostnad for det vidare arbeidet vert om lag 9 million kroner, og ein rår til at dette vert løyvd til prosjektet.»

Fuv 251/12 Løyving kr 2 500 000,-

Utdrag frå saka:

«Det er tidlegare løyvd totalt 9,65 million kroner til prosjekt, og av desse er 9 million kroner løyvd i år.

I samband med byggjeprosessen som no pågår, er det kome krav om omlegging av leidningar knytt til vatn og avlaup og omlegging av naboveg. Samla meirkostnad er kalkulert til 2,5 million kroner. Ein

rår difor til at det blir gjeve ei tilleggsløyving på same beløpet.»

Fuv 283/13 Løyving kr 2 200 000,-

Utdrag frå saka:

«Prosjektet har fått løyvingar i 3 omgongar, og sist i FU-sak 251/2012, då vart gjeve ei løyving på 2,5 million kroner knytt til omlegging av vatn- og avlaup samt naboveg. Ettetida har vist at samla kostnad knytt til dette vart på om lag 4 million kroner og ikkje 2,5 million kroner som kalkulert. Vidare har ein hatt høgare kostnadar enn forventa knytt til bygningsmessige arbeider og inventar og utstyr. Samla kostnad for prosjektet er no kome opp i om lag 14,35 million kroner, og ein rår difor til at prosjektet får ei tilleggsløyving på 2,2 million kroner, slik at det er fullfinansiert.»

Kommentar:

Ved avslutning av prosjektet og fraflytting fra riggområdet (parkeringsplass) vart det konkludert med at parkeringsplassen måtte utbedres / oppgraderes. Vidare vart det i sluttoppgjøret med grunn- og betong entreprenør akseptert at arbeidet hadde vore meir omfattande enn lagt til grunn i anbudet. Entreprenøren hadde difor krav på meirbetaling. Samla gav dette ein meirkostnad for prosjektet på om lag 0,6 million kroner.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport